

Else Johannessen (1918–2018)

Else kom til garden vår Trones fyrste gongen sommaren 1952 saman med mannen Oddvar og sonen Dag for å feriera i ei gamal husmannsstove som me har, som vert kalla *Haugestovo*. Der fann ho seg vel til rette, og det vart til at Else frå då av skulle koma dit kvart år i 58 år fram til 2009.

Som ein vil venta i ei husmannsstove, var det enkle forhold i Haugestovo: Det var utan vatn og toalett, og ganske primitivt på mange måtar. Tilkomsten var heller ikkje heilt enkel til å byrja med: Vegstandarden frå Bergen og fram til bygda var ikkje som no, og i tillegg var det veglaust fram til garden dei fyrste åra, bilvegen kom ikkje før i 1961.

Året etter at dei kom fyrste gongen, kom dottera Tine til verda, og familien på fire vart faste gjester på Trones om somrane. Else og Anna, bestemor mi, vart etter kvart gode veninner, og Dag og Tine fann gode leikekameratar i Trygve og Agnes, to av borna til Anna.

Else var alltid flink til å hjelpa til i arbeidet på garden: Ho målte bilete om føremiddagane, mange av dei med vasar med markblomar og utsikta ut vindaugo i Haugestovo som motiv, og so var ho med på gardsarbeidet om ettermiddagane. Spesielt på 1970-talet hadde me mykje jordbær, og då var ho med på lange økter i jordbæråkrane. I andre deler av sesongen var det morell- og plommehenting, og der òg var ho med og hjelpte til i allslags vêr. Om kveldane var besto mi av stad for å henta kyrne, som skulle molkast, og det var Else òg alltid med på, kvar einaste kveld om somrane.

Eit arbeid ho var ekstra glad i, var turrhøying. Ho var med både på å snu og breia graset, og til slutt å turrhøya det. Ho var nok glad både i den gardsidyllen og den arbeidsfellesskapen det var å vera saman med gardsfolket for å få graset i hus på ein godvêrsdag.

Viss ein innimellom ikkje spurde henne om å verta med på turrhøyinga, oppdaga ho likevel raskt at gardsfolket var i gang, og då kom ho springande med riva si for å hjelpa til. Og å vera med på å turrhøya på Haugane, den øvste delen av innmarka vår, var nok noko av det kjekkaste ho visste.

Me har ein eigen teig inne på Brandstveit, som ligg om lag 6 kilometer borte frå resten av garden. Eit år skulle foreldra mine inn dit om ettermiddagen for å henta jordbær. Denne gongen vart det ikkje til at dei sa ifrå om at dei skulle reisa, og Else vart difor ikkje med i bilen. Men kven andre kom ikkje springande til Brandstveit ein knapp time seinare enn Else og hunden! Etter det kørde dei aldri frå henne igjen.

Mannen Oddvar døydde i 1997, men Else heldt fram med å koma til Trones. I 2004 fall bestemor mi òg ifrå. Mor mi Lise arva so å seia Else som veninne. Kvar einaste kveld klokka åtte i seinare år gjekk Else og mor mi tur innover skogsvegen heile somrane, og for dei begge vart det ein ny, viktig rutine, som for Else sin del erstatta leitinga etter kyr om kveldane i tidlegare år. Praten gjekk i eitt, og etter at turen var ferdig, fekk ho ofte mor med ein tur opp i Haugestovo for eit glas med Baileys.

Når Else kom til Trones på forsomrane, byrja sommaren på Trones, og når ho reiste, var det nærmast som ho tok sommaren med seg att. Når ho kom, var tymbraveggene inne i Haugestovo snaue, men når hausten nærma seg, og frukttraa var fulle av henteklare eple, var veggjene i Haugestovo vortne fulle av måleri som ho hadde målt i løpet av sommaren og hausten. Det var alltid litt vemodsamnt når Else og Oddvar plukka ned bileta for å reisa heim til Bergen om haustane. Men det var ein fast del av rutine som fylgde dei skiftande årstidene på garden.

Else hadde ein sterk vilje, og ho hadde klart for seg korleis ting skulle vera. Det innebar mellom anna at ho ikkje lempa på krava til seg sjølv etter kvart som alderen tok til å melda seg. Høyrsele og synet byrja etter kvart å svekkjast, men energien var som før i ei grad som sjølv unge folk kunne misunna henne. Ho heldt fram med å måla so lenge synet tillèt det, fylgde dei innarbeidde rutine sine i stort

og smått, og ho bad inn til lokalt konelag for kvinnene på Meland og Trones ein gong i året so lenge det var praktisk mogleg.

Else var alltid positiv og grei, og det var ei glede for oss å ha henne på garden. Ho var med i både arbeid, gebursdagar og andre selskapelegheiter, og ho var alltid interessert i å fylgja med på korleis det gjekk med dei ulike familiemedlemene. Ho vart sjølv ein del av familien. For meg var ho og Oddvar som eit ekstra sett med besteforeldre, og eg såg dei som ein naturleg del av familien. Og både eg og brørne mine ber med oss mange gode minne frå besøk oppi Haugestovo, der det alltid vanka te og gjerne nokre kaker òg, so me gjorde oss ofte ærend «opp te Else».

14.11.2020

Erlend Trones